

# Vekeplan 10. trinn

# Veke 47 og 48

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
<b>Norsk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna seia kva ei novelle er</li> <li>• Kunna seia kva (motiv) handling, tema og bodskap er i ei novelle</li> <li>• Kunna laga eit manus av ei novelle</li> </ul>
<b>Engelsk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunne seia noko om urbefolkning i verda</li> <li>• Kunne seia noko om urbefolknings skikkar og tradisjonar</li> <li>• Kunne seia noko om kva utfordringar urbefolkning har hatt og kva utfordringar dei har i dag</li> </ul>
<b>Matematikk</b>	<p>Læra om</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• funksjonar og funksjonsuttrykk</li> <li>• lineære funksjonar med stigningstal og konstantledd</li> <li>• brøk-, andregrads- og eksponentialfunksjonar</li> <li>• praktisk arbeid med ulike funksjonar og grafar</li> <li>• korleis vi kan bruke og lage matematiske modellar</li> </ul>
<b>Samfunnsfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Reflektera over likskapar og ulikskapar i identitetar, levesett og kulturuttrykk og drøfta moglegheiter og utfordringar ved mangfold</li> <li>• Reflektera over korleis identitet, sjølvbilete og eigne grenser blir utvikla og utfordra i ulike fellesskap, og presentera forslag til korleis ein kan handtera påverknad og uønskte hendingar</li> </ul>
<b>KRLE</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna seia litt om kva som gjorde at kyrkjå delte seg i to i år 1054 og kva den delte seg i (Det store skisma)</li> <li>• Presentera viktige trekk ved dei store kristne trussamfunna</li> </ul>
<b>Naturfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjere greie for kva vi meiner med biologisk mangfold, og korleis det blir påverka av abiotiske og biotiske faktorar</li> <li>• Drøfte korleis tilgang på ressursar påverkar kor mange individ av ein art som kan leve i eit bestemt område over tid</li> </ul>
<b>Spansk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Refleksive verb</li> <li>• Dagleg rutine</li> <li>• Å vera ung: vennar, familie og skule</li> <li>• Litt om jul</li> </ul>
<b>Tysk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna snakka om framtid og fortid.</li> <li>• Kunna fortelja om ulike yrke</li> </ul>
<b>Eng fordj</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Snakka om kjende kriminalsaker frå eit engelskspråkleg land</li> <li>• Kunna henvisa til sjølvvalgte kjelde</li> </ul>
<b>Arbeidslivsfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Undersøka behov for varer og teneste på skulen og i lokalsamfunnet</li> <li>• Kunna planleggja praktiske og yrkesretta arbeidsoppdrag</li> <li>• Kunna produsera og levera varer og teneste etter kvalitetskrav</li> <li>• Bruka fagbegrep, arbeidsmetodar, verktøy, materiale og teknologi tilpassa arbeidsoppdrag</li> </ul>
<b>Kroppsøving</b>	<b>Basketball/Innebandy:</b>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar</li> <li>• Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar</li> </ul> <p><b>Symjing:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Forstå og gjennomføra livreddande førstehjelp</li> </ul> <p><b>Innsats:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre</li> <li>• Prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra din eigen fysiske kapasitet og samarbeida med andre</li> </ul>
<b>K&amp;H</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• kunna omarbeida og samanføya ulike materiale</li> <li>• kunna bruka ulike verktøy og materiale på ein formålstenleg og miljømedviten måte</li> </ul>
<b>Musikk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Få samspelet til å fungere</li> <li>• Spele eigen del slik instruksjonsvideoen viser</li> </ul>
<b>Utdanningsval</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sjå korleis ein må ta ansvar for eiga framtid gjennom sjølv å søka kunnskap om ulike utdannings- og yrkesmogleigheter</li> </ul>
<b>Trafikk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utforska og gjera seg kjende med trafikken i nærmiljøet og føreslå konkrete trafikksikring tiltak</li> <li>• Reflektera over og visa korleis trafikksikrings-utstyr kan redusera ulykker og skader</li> <li>• Diskutera etiske dilemma i trafikken</li> <li>• Reflektera over og visa kva det vil seia å opptre trygt og ansvarsfullt i trafikken og diskutera etiske dilemma i trafikken</li> </ul>
<b>Kantine</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Læra å planleggja og gjennomføra matproduksjon for sal</li> <li>• Læra om marknadsføring av produkt for sal</li> <li>• Læra om budsjett</li> </ul>
<b>Fys.ak.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennomføra bevegelsesaktivitetar aleine eller saman med andre</li> <li>• Reflektera over korleis fysisk aktivitet kan bidra på god fysisk og psykisk helse</li> </ul> <p>Tema: eigentrening</p>
<b>Friluftsliv</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sporlaus ferdsel</li> </ul>
<b>Design</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna utarbeida idear og løysingsalternativ og vidareutvikla dei til eigne produkt</li> <li>• kunna bruka eigna design- og handverksteknikkar og verktøy til å utforma produkt i ulike materiale</li> </ul>
<b>Olweus</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Klassemiljø</li> <li>• Korleis skal me oppføra oss mot kvarandre</li> </ul>

## INFORMASJON TIL HEIMEN

### BankID/MinID

Rett over jul skal elevane legge inn første utkast til vgs-søknad. Dette skjer på [www.vigo.no](http://www.vigo.no). Endleag frist er 1. mars. Elevane må logge seg inn på Vigo med MinID eller BankID. Det kan vera lurt å ha begge deler. Alle må ha minst ein av desse. Føresette må hjelpe ungdomen med dette. BankID kan ein bestille i banken. For å opprette MinID-bruker, kan ein ved hjelp av fødselsnummeret (11 siffer) enkelt bestille aktivieringsbrevet.

Det kjem då i posten til ungdommen si folkeregistrerte adresse. Bestill her: [Bestill aktiveringsbrev for MinID-bruker](#)

### **Hei Verden**

Då var det tida for Hei Verden igjen! I år samlar me inn pengar til landet Bangladesh. Målet er å samla inn mest mogleg pengar som skal gå til å gi barn moglegheit til å gå på skule. Elevane skal få vera med på ein kick-off måndag 20.11 i aulaen. Dei vil óg ha nokre timer der dei skal læra meir om Bangladesh, Hei verden og om kvifor me skal driva med solidaritetsarbeid.

### **Jobb ein dag**

Tidlegare år har me i Hei verden hatt open kveld for føresette og bøsseinnsamling. På 10. Trinnet skal elevane jobba ein dag. Elevane kan anten arbeida i ein bedrift eller dei kan avtala å jobba heime. I denne veka har elevane fått med ein lapp med informasjon om jobbinga. Onsdag 29. november er jobbedagen!

### **Julegudsteneste og adventsamling 14. desember**

Me nærmer oss desember og 10. Trinnet har ansvaret for å arrangera julegudsteneste i Bryne kyrkje og adventsamling i Aulaen. Elevane har sjølv meldt seg på kva for ein arrangement dei vil gå på og om dei vil vera med å bidra med gjennomføringar.

## **PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR**

Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
Samfunnsfag	Kriminalitet og mangfold. Skriftlig vurdering	Karakter	Veke 47/48
Norsk	Skriveøkt sidemål	karakter	Veke 47 (tysdag)
Eng. fordj.	Presentasjon	Karakter	Veke 47 (torsdag)

## **HEIMEARBEID VEKE 47**

Utdanningsval		Skaff deg BankID eller MinID om du ikkje har. <a href="#">Bestill aktiveringsbrev for MinID-bruker</a>
Norsk		Les 3x20 min i boka di. Registrer sidetal hos norsklæraren din.
Engelsk	1	10B: - jobb med munnleg vurdering, sjå Teams (oppgåve) - Ekstra oppg.: forbedre teksten du har levert inn i veke 44 (skriveøkt), frist: søndag, lever inn i ON
	2	10ACD: Sjå videoen som ligger på ON, og svar på spørsmåla.
Matematikk		I oppgåveboka s. 52 - 54: 2.101, 2.102, 2.103.
Samfunnsfag		Forberede deg til vurdering
Naturfag		Les s. 4 – 12 Kva er eit økosystem? Gi eksempel og bruk omgrepa abiotiske og biotiske faktorar i forklaringa di. Kva er biologisk mangfold? Kva er meint med tilpassingar – gi døme.
Spansk		Gjer test på side 43 Gente 10 ARBEIDS BOK. Du finner svar på alle spørsmål i Gente 10 TEKST BOK side 31-49

<b>Tysk</b>	Skriv 10 -15 setningar om «Meine Zukunft» (mi framtid) Kva vil du gjere etter ungdomsskulen, kor vil du bu, kva yrke kan du tenke deg i framtida.
<b>Eng fordj</b>	Forberede deg til å presentere ei kriminalsak frå engelskspråkleg land på torsdag.
<b>Kroppsøving</b>	<b>Basketball/ Innebandy:</b> Hugs å ta med gymklede og <u>sko</u> til å vera inne.  <b>Symjing:</b> Partallsveker:10AC. Oddetallsveker: 10BD
<b>Musikk</b>	Øv på ditt instrument, slik at du heile tida utviklar deg og slik at samspelet fungerer stadig betre.
<b>Kantine</b>	Møt i klasserommet til 10B
<b>Fys.ak.</b>	Tema: eigentrening
<b>Friluftsliv</b>	Tur i nærområdet. Ha med sykkel og hjelm

<b>HEIMEARBEID VEKE 48</b>	
<b>Utdanningsval</b>	Gå gjennom planen for utdanningsvaltimane (OneNote/08UTTV) denne hausten og sjekk om det er noko du ikkje har fått med deg eller gløymt. Oppdater deg. Ta eventuelt ein prat med rådgjevar Knutzen.
<b>Norsk</b>	Les 3x20 min i boka di. Registrer sidetal hos norsklæraren din.
<b>Engelsk</b>	10B: jobb med munnleg vurdering, sjå Teams (oppgåve) og ON – 3. Indigenous peoples 10ACD: Svar på spørsmåla om Indigenous people som ligg på ON.
<b>Matematikk</b>	I oppgåveboka s. 58, 59 og 60: 2.107, 2.109, 2.111
<b>Naturfag</b>	Les s. 13-15. Gjer oppgåve 6 s. 27 om økologisk bereevne og vefolkningsutviklinga i verda.
<b>Samfunnsfag</b>	Nytt tema: Befolkinga i verda- demografi og migrasjon. Søk opp og svar på desse spørsmåla, skriv på onenote: 1. Kva verdsdel og kva for eit land har flest innbyggjarar? 2. Kor mange barn blir fødde gjennomsnittleg per kvinne i verda i dag? 3. Kva er den gjennomsnittlege forventa levealderen i verda i dag? 4. Kor mange menneske er på flukt i verda i dag?
<b>Spansk</b>	Øv til prøve
<b>Tysk</b>	Øv til munnleg samtale om kva du vil gjere i framtida- og kva du gjorde forrige sommar. ( zu werden og presens perfektum)
<b>Eng fordj</b>	Finn og les ein artikkel frå enten CNN eller BBC som omtalar ei kriminalsak, fortel kort med egne ord kva sakar dreier seg om. Hugs å legge ved kjelda til artikkelen du vel.
<b>Kroppsøving</b>	<b>Basketball/ Innebandy:</b> Hugs å ta med gymklede og <u>sko</u> til å vera inne. <b>Symjing:</b> Partallsveker:10AC. Oddetallsveker: 10BD
<b>Musikk</b>	Øv på ditt instrument, slik at du heile tida utviklar deg og slik at samspelet fungerer stadig betre.
<b>Valfag</b>	FRI onsdag pga "Jobb ein dag" Hei verden



**Bryne ungdomsskule**